



## Årsmelding for Mental Helse Hordaland 2018/2019

### Innleiing

Mental Helse er den største interesseorganisasjonen for menneske med psykiske helseutfordringar, pårørande og andre interesserte.

Ved å arbeida med politisk påverknad, folkeopplysing og formidling av brukarerfaring, jobbar organisasjonen for å auka openheit, betre førebygging og behandling av psykiske helseutfordringar. Vårt samfunnspolitiske program og strategidokument dannar grunnlaget for organisasjonen sitt arbeid i landsmøteperioden.

### Styret

Leiar:	Else-Berit Helle
Nestleiar:	Remi Lønøy
Sekretær:	Brynhild Helle Lorentsen
Kasserar:	Per Oddvar Særsten
Styremedlemmer:	Terje Olav Olsen og Sjur Tjelmeland
Varamedlemmer:	Nikita Rye og Vibeke Hellesund. Vibeke Hellesund er studieleiar

Mental Helse Ungdom har ikkje møtt på styremøta slik dei har høve til.

Det har vore 10 styremøte: 18.01, 15.02, 15.03, 12.04, 12.05, 21.06, 30.08, 11.10, 01.11 og 13.12. Frammøte på styremøta har vore godt. Styremedlemmene er aktive og engasjerte i Mental Helse sine saker. Dei tek opp aktuelle saker som Mental Helse bør engasjera seg i.

### Medlemstal

Hordaland Mental Helse har pr. 31.12.2018, 448 medlemmer. Medlemmene fordeler seg slik:

Voss	26
Sotra/Øygarden	29
Bergen	120
Askøy	34
Stord/Fitjar	52
Os	12
Kvinnherad	41
Lindås	19
Kvam	24
Radøy/Austrheim	29
Meland	34
Austevoll	3
Bømlo	25

Me har vitja Fjell, Sund og Øygarden med mål om å starta opp nytt lag der. Det er ei viss interesse, og me vonar å få til det ut på vårparten.

### Handlingsplan for 2018/2019

Denne har vore grunnlaget for styret sitt arbeid i valperioden.

## **Leiarsamling**

Denne vart halden på Skånevik Fjordhotel 08.02. - 10.02.19. Innleiarar var: Vår nye organisasjonssekretær, Hanne Karine Nordstedt, snakka blant anna om Samfunnspolitisk program og korleis bruka Min Side. Hotelleigar Inger Karin Larsen hadde eit innlegg om det å framsnakka kvarandre. Bjørghild Sandøy fortalde om korleis Mental Helse Stord fekk ny giv og nye medlemmer. Sjur Tjelmeland kåserte om dikteren Olav H Hauge frå tida han var pasient ved Valen sjukehus. Sist, men ikkje minst, så delte Nikita Rye sine erfaringar frå det å veksa opp som barnevernsbarn.

## **Medlemsmøte**

Det har ikkje vore halde medlemsmøte i denne perioden.

## **Velferds- og driftsmidlar. Medlemsturar**

Me fekk og ekstra velferdsmidlar frå MH sentralt. Medlemsturen gjekk med Danskebåten til Hirtshals, og me vart viste rundt i Skagen by. Me var og i museum for dei berømte Skagenmalarane. Ein tur ut på Grenen sandtunge vart det og med avsluttande lunsj i Skagen. Turen vart avslutta i Hjørring by der folk kunne gjera seg kjent eller handla. Me var utruleg heldige med været som held sommartemperatur. 45 medlemmer deltok. Desse turane ser ut til å verta meir populære for kvart år. Velferdsmidlane, kr. 46.792,- vart nytta fullt ut med ekstratilskot, ca. kr. 10.000,- frå driftskontoen. Me leigde eigen salong på turen ned, der me hadde «bli kjent»-program og enkel servering. Gunnar Helle var ansvarleg for turen og ein dyktig reiseleiar.

Me har fått driftsmidlar frå Helse Vest med kr.100.000,-.

## **Regionsamlingar**

Det har vore halde to regionsamlingar for styremedlemmer i Mental Helse Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Det har vore ulike tema som: Erfaringar med ny tvangslovgiving, ved Kenneth Stenbråten frå Stord kommune, Øyvind Johnsen, frå Stord DPS. Landsleiar Kristian Kise Haugland, om samanslåing av fylkeslag, kontrollkommisjonen sine oppgåver ved Geirr Abelsen, implementering av pakkeforløp ved Kari Lossius, brukarmedverknad ved Karl Olaf Sundfør, Else-Berit Helle og Martha Hocking. Elles vert det utveksla ulike erfaringar. Regionsamlingane er ein god måte til å verta kjent over fylkesgrensene. Hordaland har teke på seg å administrera økonomien kring dette. Me fekk kr.120.000,- sentralt frå Mental Helse til regionsamlingane. Dei gjekk med eit lite overskot som Hordaland fekk behalda.

I samband med siste regionsamling hadde leiar og nestleiar samt organisasjonssekretær og Geirr Abelsen eit møte der det vart drøfta mogeleg samanslåing av dei to fylkeslaga når fylka vert slegne saman. Dette vil verta fylgd opp ved seinare høve.

## **Representasjon i styre og råd**

Else-Berit Helle er innvald i styret for FFO. Mental Helse prøver på førespurnad om medlemmer til brukarråd å bistå med å finna eigna personar. Else-Berit Helle er medlem i Politisk Verkstad. Ho har og site i valkomiteen som skal peika ut ny leiging i Mental Helse sentralt. Vidare er ho vald inn i Helse Fonna sitt brukarutval.

## **Verdsdagen**

Ein er kjend med at det har vore ulike arrangement rundt om i kommunane. Dette vert ikkje rapportert til fylkeslaget, men sentralt til Mental Helse som yter stønad til arrangement.

## **Studiearbeid**

Vibeke Hellesund er vald til studieleiar. Me har arbeidd med å få til eit kurs i brukarmedverknad. Dette let seg ikkje gjera dette året.

### **Landsleiar møte**

Det har vore halde to landsleiar møte der leiareren har teke del på eitt og nestleiar på eit.

### **Landsmøte**

Remi Lønøy, Brynhild H.Lorentsen og Else-Berit Helle deltok på landsmøte 2018.

### **Annan representasjon**

Me prøver å delta på styremøte og jubileumsmøte etter invitasjon. Voss og Kvam har hatt vitjing. Sjur Tjelmeland deltok på 10 årsjubileum for Etne og Vindafjord Mental Helse. Leiareren har og teke del i konferanse om brukarmedverknad i regi av Fylkesmannen (Fylkeslegen) i Hordaland og kurs om pakkeforløp i psykisk helsevern og rus i regi av Helse Fonna.

### **Økonomi**

Styret vurderer det slik at fylkeslaget har god økonomi. Sjå årsrekneskap.

### **Andre saker som styret har engasjert seg i**

Leiareren (EBH) og Brynhild Helle Lorentsen har delteke i møteverksemd om det å få opp brukarstemma. Desse møta vert arrangerte av NAPHA. Fleire organisasjonar tek del, samt folk frå ulike fagmiljø og høgskule (HVL). Leiareren (EBH) sit i arbeidsgruppa for opplegget saman med Bergen kommune, NAPHA og russeksjonen til Helse Bergen.

Brynhild H. Lorentsen har fram til august 2018, site i arbeidsgruppa i Helse Fonna med oppdrag rett og redusert bruk av tvang. Styret i MH Hordaland har gitt attendemelding til Helse Fonna om dette arbeidet. Direktør Kenneth Eikeset inviterte til møte der og kvalitetsdiretør og leiar for Lærings - og meistringssenteret deltok. Møtet vart opplevd svært positivt. Else-Berit Helle og Brynhild Helle Lorentsen deltok. Sjur Tjelmeland måtte melda avbod. Det har i ettertid blitt teke omsyn til våre innspel til arbeidet.

Nikita Rye har delteke på møte i Kompetanseforum Vest om rådslag med brukarorganisasjonar.

Me er og inviterte til å delta i pilotprosjektet «Livsmestring i skolen». Det er eit prosjekt om trivsel i ein del barne - og ungdomsskular i Bergen kommune.

Informasjonsleiar i Mental Helse, Anlov P. Mathiesen laga eit lesarbrev om Mental Helse 40 år og stoda for medlemmer i dag. Dette vart omsett til nynorsk av Sjur Tjelmeland og sendt til ulike lokalaviser frå ein del lokallag. Fleire aviser tok det inn som lesarbrev. Bladet Sunnhordland kommenterte og innlegget på leiarplass i tillegg til oppslag frå Stord DPS om brukarkafé.

Remi Lønøy skreiv debattinnlegg i BA om ulik tolking av frávær ved vidaregåande skular der elevar som har hatt frávær grunna psykisk lidning ikkje har fått godkjent karakter i fag.


Me har og oppfordra organisasjonen sentralt om å ta opp sak om korridorpatientar i psykisk helsevern.


Else-Berit Helle tek og del i ei arbeidsgruppe som arrangerer temakvelder på Stord folkebibliotek. Gruppa består av Stord kommune, ved biblioteket, Helse Fonna sitt lærings -o g meistringssenter, Stord DPS og Mental Helse. Vibeke Hellesund har delteke i tilsvarande gruppe ved Bergen


bibliotek.


Me har og sendt melding til Mental Helse sentralt og påpeika at dei bør nytta meir nynorsk i sine skriv. Samfunnspolitisk program vil no verta trykt og på nynorsk.


Sagvåg,

  
Else-Berit Helle  
leiar

  
Remi Lønøy  
nestleiar

  
Brynhild Helle Lorentsen  
sekretær

  
Per Oddvar Særsten  
kasserar

  
Terje Olav Olsen  
styremedlem

  
Sjur Tjelmeland  
styremedlem